



Marthe Hammer

Er 43 år. Ho er i dag gruppeleiar for SV i fylkestinget, men før det jobba ho som fagleiar innan forskning og innovasjon i Helse Bergen. Marthe bur på Bønnes i Bergen og har fire barn.

Marthe veit at rettferdig fordeling ikkje er ein følelse, men eit resultat av at makt og pengar er skjævt fordelt. Kampen mot økonomisk ulikskap er også grunnen til at Marthe valgte å utdanne seg til samfunnsøkonom.

Marthe har lang erfaring i SV, og mellom anna vore kvinnepolitisk leiar i SV i 8 år. Ho har sittet i både sentralstyret og landsstyret.

I fylkestinget er ho no ei av dei mest erfarne samferdslepolitikarane i Vestland, og er ei tydeleg røst for trygge og sikre bruksveggar og motstand mot nye motorvegprosjekt. Ho vil ha jernbane til Voss og bybane i Bergen, og sist, men ikkje minst vil ho ha fleire sykkelveggar.



Åsmund Berthelsen

Født 1952. Bur i Naustdal i Sunnfjord kommune. Er frå Åmdals verk i Tokke kommune i Telemark.

Pensjonist. Åsmund har utdanning i natur- og miljøfag, journalistikk, pedagogikk og utdanningsleiing. Har arbeidd som journalist og redaktør, lærar og utviklingsleiar for barnehage og skule. Har erfaring frå organisasjonsarbeid i politikk, idrett og kultur, og som sosialarbeidar.

Har lang erfaring som folkevald i kommunestyret i Naustdal/Sunnfjord. Har vore nestleiar i Hovudutvalet for opplæring og kompetanse i Vestland sidan 2019.

Friluftsliv, langrenn, orientering og handverk er hovedinteresser.

Hjertesaka er å hindre utslepp av 250 millionar tonn gruveslam i Førdefjorden og stille krav om underjords gruvedrift med full ressursutnytting.

Er også svært oppteken av å utvikle dei vidaregåande skulane i heile Vestland til å vere dei beste elevane kan få. Og så vil at alle delar av fylket, også dei minste bygdene skal få gode og rassikre fylkesveggar.



Hege Lothe

Hege er tilsett som organisasjons- og informasjonsrådgjevar i Noregs Mållag. Ho har tidlegare lang organisasjonserfaring frå mellom anna Nei til EU og er i dag rådsordførar i rådet for Nynorsk

kultursentrum og styremedlem i Gloppen Bygdekvinnelag. Hege har bak seg 12 år i kommunestyret for SV. Ho har tidlegare vore leiar i Sogn og Fjordane SV og vart leiar i

Vestland SV i februar 2019 ved samanslåinga til nytt fylkeslag.

Hege er oppteken av rettferdig fordeling, kulturpolitikk, målsak, skulepolitikk, miljøvern, tannhelsereform og næringspolitikk for å nemne noko. Sidan Vestland fylke er framleis eit ungt, mangfaldig og vidstrakt fylke med mange slags utfordringar og sjølvstøtt også fordelar, vil ho ta vare på, kjempe for og utvikle heile fylket i både bygd og by. Både internasjonal solidaritet, klimatiltak og mindre forskjellar mellom folk er viktige verdiar å kjempe for på vegne av dei 636 531 innbyggerane i Vestland fylke.



Marianne Sæhle,

Er 56 år, hun er psykiatrisk sykepleier/vara foretakstillitsvalgt for Norsk sykepleierforbund, i Helse-Bergen

For Marianne består jobb og fritid stort sett av det samme, «siden jeg så heldig at jobben min som tillitsvalgt gir meg muligheten til å jobbe med en av hjertesakene mine, som er et anstendig arbeidsliv». I denne rollen har Marianne lært at man får mest til om man jobber i team. Den samme erfaringen har hun fra politikken. En av hennes styrker er at hun er god på å bygge allianser. Marianne sitter i fylkestinget i dag, og har 4 år i Bystyret i Bergen bak seg, ett år som vara og tre som fast møtende.

Mariannes hjertesaker er et anstendig arbeidsliv.

Fylkeskommunen må være en god arbeidsgiver. Oppdrettsnæringen må gjøre drastiske tiltak slik at fjordene i Vestland kommer i grønn sone. Fortsette kampen mot vindmøller på land. Fortsette utviklingen av en sterk offentlig tannhelse



Symphorien Pombe

Er 49 år kom til Norge i mai 2002 som politisk flyktning fra DR Kongo, og ble medlem i SV i 2003. Han jobber med barn og Unge i Øygarden kommune.

Pombe ble valgt fra 2011 til 2015 som SVs kommunestyrerepresentant i Sund og gjenvalgt fra 2015 til 2019.

Han sitter nå for SV både i nye Øygarden kommunestyre og på fylkestinget.

Han er medlem for Hovedutvalg for Kultur, idrett og inkludering og styremedlem i Stiftinga Kystkultur, der han representerer fylkestinget.

Symphoriens hjertesaker er internasjonal solidaritet og gode og trygge oppvekstvilkår for alle barn.



Alexander Papas

Er 21 år, frå Stord, men bur og studerer i Bergen. Alexander er lærarstudent på tredje året ved Høgskulen på Vestlandet. På fritida likar han å vera sosial, aktiv og engasjera seg i partiet, studentpolitikken og studentfrivilligheita. Hjertesakene er knytte til utdanning, samferdsle, inkludering og sosial rettferd. Eit godt offentleg opplæringstilbod, nærskuleprinsippet, nei til motorvegar, inkluderande fellesskap og eit attraktivt studentfylke, er nokre av dei sakene han verkeleg brenn for.

FOTO: Nils Olav Mevatne / HVL